

---

**Fra:** Anngunn Marie Gullbrå  
**Sendt:** 27. november 2015 15:25  
**Til:** 'tl@lab.no'  
**Emne:** Vedr. søknad om oppretting av ny grunneigedom

Hei

Viser til innsendt søknad om oppretting av ny tomt for gnr. 24 bnr. 52 i Meland.

Underteikna skal gå gjennom innkomne søknadar og kontrollera at alt er på plass.

Ein har nokre merknader/ spørsmål til utfylling av skjemaet , som kommunen må ha tilbakemelding på før saka vert handsama.

Det er ikkje kryssa for rekvisisjon av oppmålingsforretning. Vil dette sei at du ikkje ynskjer oppmålinga effektivt når eventuelt løyve til oppretting av tomte er gitt, eller er det ei utegløyming?

Det er kryssa av for arealoverføring i staden for oppretting av ny grunneigedom, som vil vera det rette i dette tilfellet. Arealoverføring er berre aktuelt mellom eksisterande eigedommar.

Det er kryssa av for at avkjørselsløyve er gjeve ( vedlagt) Det ligg ikkje ved slikt løyve. Truleg er det gjeve i samband med byggesaka, men det skulle vore med ein kopi her.

Arealet på parsellen er oppgitt til ca. 1650 m2. etter utrekningar slik det er teikna i kartet er det ca. 1750 m2. Kva skal kommunen retta seg etter?

Til sist:

Navnet på Firmaet som eig eigedommen står skrive feil i matrikkelen- frå grunnboka. Der står det Tobilr Holding AS. De bør ta kontakt med Tinglysingen for å få retta navnet i Grunnboka.

Ber om at du kjem med tilbakemelding på spørsmåla til utfylling av sjølve søknaden, om du ynskjer me skal retta noko i skjemaet, eller du ynskjer det i retur for retting sjølv.

Venleg helsing

Anngunn Marie Gullbrå  
Fagansvarleg Geodata  
Tlf: 5617 1181/ 1000  
E-post: [anngunn.gullbra@meland.kommune.no](mailto:anngunn.gullbra@meland.kommune.no)



[Sjå brosjyren vår](#)